

Notat ang. gjennomgang av bruer i Voss herad. Kontrollberekning og spesialinspeksjon.

Alle bruer i Voss herad skal ha ein hovudinspeksjon kvart 5 år. For Voss herad vart dette utført i 2021.

Hovudinspeksjonen konkluderte med at ein burde etterberekna 20 bruer for å sjekke om dei toler den bruksklasse som dei står oppført med.

Rapporten syner elles at ein har **43** bruer som har kritiske skader, og **66** bruer som bør utbetrast innan 1- 3 år.

Ein vart også anbefala ein spesialinspeksjon på 5 bruer som kom dårlegast ut i rapporten for å koma med ein kostnad om oppgradering og kostnad til ny bru.

Dette arbeidet vart bestilt og utført i 2022.

Resultatet syner her at fleire bruer ikkje toler den bruksklasse som dei står oppført med.

Kostnader frå gjennomførte spesialinspeksjonar 2022:

Med *vedlikehald* av eksisterande bruer: **12 000 000,-**

Med *nye* bruer: **33 200 000,-**

I tillegg kjem kostnader med **oppgradering** av bruer til BK 10 (eks Koldo – Geitle bru – Såkvitne bru – Årmot bru – bruene i Jordalen)

Totalt etterslep på 119 bruer er estimert til ca.40mill.

Det som er positivt er at det er ingen av bruene i dag som syner teikn til å bryta saman på kort sikt.

Sjå elles vedlagde Power Point for gjennomgang av dei mest kritiske bruene

Tiltak som er sett i verk:

Det er avtalt synfaring med bruentreprenør for å sjå på oppgradering av desse bruene: Koldo, Såkvitne og Årmot i veke 7. Det ligg om lag 7 mill i utbetringsmidlar for bruer i inv.budsjett frå tidlegare år.

Voss 14.02.2023

Teknisk drift

A.Helleve